

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 18. mai 2021 kl. 10.00 – 14.15 i kommunestyresalen i Treungen

Tilstades:

Regionordfører og ordfører i Tokke Jarand Felland
Regionvaraordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen
Ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog
Ass. rådmann i Vinje Anders Sandvik
Rådmann i Nissedal Sverre Sæter
Kst. rådmann i Seljord Frid Berge
Rådmann i Fyresdal Une Marit Tangen
Per Arne Olsen, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Fred-Ivar Syrstad, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal

På teams:

Kst. rådmann i Tokke kommune Finn Arne Askje
Arve Høiberg, Vestfold og Telemark Fylkeskommune
Tom Omnes Lia, Vestfold og Telemark Fylkeskommune
Geir Ufs, Vest-Telemark Blad

20/2021 Referat førre møte

Vedtak: *Referatet vart vedteke*

21/2021 Utsending av referat - endring av praksis
Det vart fremja ny praksis i høvet utsending av referat;
- Administrasjonen får skrivefrist på tre dagar før utsending av referat til rådsmedlemmane.
- Ordførarane får 5 dagar til å godkjenne referatet per epost.
- Administrasjonen sender referatet til alle kommunane straks det er godkjent.

Vedtak: *Ny praksis av godkjenning av referat som skissert i saksutgreiing vert innført med umiddelbar verknad*

22/2021 Referatsaker

Vedtak: **Referatsaka vart tatt til vitande**

23/2021 Orienteringar

- 1) Distriktpsykiatrisk senter (DPS) Seljord** vart presentert ved Kari Roko Tveiten, seksjonsleiar og Christina Engebretsen, seksjonsleiar. Lars Ødegård, klinikksjef, deltok på Teams.
DPS Øvre Telemark har to lokasjonar. På Notodden er det ein allmennpsykiatrisk poliklinikk og ein sengepost med 9 senger for allmennpsykiatri. I Seljord ein allmennpsykiatrisk poliklinikk og ein sengepost med 9 senger for pasientar med psykoselidingar.
På spørsmål om Vest-Telemark er godt nok rusta etter pandemien til å handtere psykiske lidingar, var svaret m.a. at ein er uroleg for born og unge.
Tilgong på spesialistkompetanse er kritisk og rekruttering av overlegar mest utfordrande.

Det er ca 1 veke ventetid for innlegging. Godt samarbeid med kommunale tenester.
Det vart etterspurt eit betre heilskapeleg psykiatrisk tilbod der m.a. BUP vert inkludert.

- 2. Omorganisering av kyrkja** vart presentert ved Martin Stærk, kyrkjeverje i Bø og leiar i Norges kirkevergelag, og Asgeir Sele, prost i Øvre Telemark
- Orienteringa starta med ei historisk utvikling av organisering av den norske kyrkja. I 2021 tydeleggjorde Stortinget skiljet mellom stat og kyrkje. I 2017 vart kyrkja eige rettssubjekt, lokalt tilsette vart tilsett i fellestråda, medan dei andre stillingane vart plassert i Den Norske Kyrkje. No er målet: Ein arbeidsgjevar, ei eining, men framleis med lokal og statleg finansiering. Eit nytt prostifelleskap der dagens fellestråd forsvinne, men dagens sokneråd vil bestå. Det vil vera kommunal representasjon i den nye strukturen.
- Prostifellesråd: Lokale organ, sjølvråderett over det meste. Kommunane sine midlar primært nytta i eigen kommune, men felles økonomi og stordriftsfordeler. Framleis kyrkjekontor i kvart sokn.
- Det er eit utval som har jobba med problemstillinga. Grunnlagsdokumentet for høyring er klart. Høyringsfrist vil mest sannsynleg bli oktober 2021.

Innspel i møtet:

Halvor Homme utalte at dersom ein fjernar kyrkja meir frå kommunane og folket vil det vera feil veg å gå.

Jon Rikard uttalte at dagens organisering har fungert godt. Organisering og vilje til finansiering heng saman.

Beate Marie Dahl Eide uttalte at for arbeidsgjevaransvaret kan dette vere positivt. Utfordringa vil kunne vera større avstandar og større strukturar. Å fjerne seg frå kommunane er risikabelt. Viktig at kommunane er tydelege i sine høyringssvar.

Martin Stærk og Asgeir Sele oppmoda Vest-Telemarkrådet til å utarbeide ei felles uttale på vegne av kommunane.

- 3) Auka byggherrestyring og delt byggeleiing** ved Stian Hauge, medgründer i oppstartsselskap Kommunane i Vest-Telemark har i dag ulikt nivå på sine ressursar til prosjekt/byggherrestyring. Difor bør kommunane sette seg ein ambisjon er å utarbeide eit betre system for byggherrestyring i utviklingsprosjekt. Eit forbetra systemet skal sikre kommunikasjon, dokumentasjon, juridiske krav, revisjonskontroll, risikostyring. Dersom byggherrestyring eit problem som er verdt å løyse, kan dette t.d. løysast ved felles metodikk. Målet er å bygge kompetanse i Vest-Telemark som eit alternativ til å leige inn konsulenthjelp.
- Den generelle tilbakemeldinga i møtet var positiv, bortsett frå at Kviteseid uttrykte skepsis til å inngå samarbeid med enda eit nytt interkommunalt samarbeid.

Tilrådinga til rådet var at tema vert drøfta i rådmannsutvalet for kartlegging av no-situasjonen i kommunane og vurdering av ulike løysingar og behov/sak før ein tar saka vidare politisk.

- 4) Kort statusrapportering i arbeidet med felles klimaplan** ved Anne Aasmundtveit
- 5) Kort statusrapportering i småbruksprosjektet** ved Johannes Rindal

Vedtak: *Orienteringane vert tatt til vitande*

24/2021 Dialogmøte med Statsforvalteren

Statsforvalteren presenterte seg og orienterte om bakgrunnen for besøket. Per Arne Olsen introduserte Fred-Ivar Syrstad, fagdirektør, og blivande assisterande direktør.

Per Arne Olsen peikte på betydninga av å vera i tett dialog med kommunane.

Innsigelse vert jobba med av ulike fagfolk hos Statsforvalteren, medan han som statsforvalter har med anna ansvaret for mekling. Det skal vera tydeleg rollefordeling der same person ikkje involvert i begge prosessar.

Skjønnsmidlar

Framlegg om endring av modell prosjektskjønnsmidlar: Frå fast fordeling til søknadsbasert ordning. Dei fire råda i Telemark ynskjer å halde fram med dagens modell, med føreseieleg tildeling gjennom regionråda.

Tilbakemelding frå Statsforvalteren er at dei vil vurdere å oppretthalde tidlegare særordning for «gamle» Telemark så snart dei har motteke felles skriv om dette frå dei fire regionråda (Vest-Telemark, Grenland, Kongsberg og Nome og Midt-Telemark). Argumentet mot å gå inn for å framhalde med noverande ordning er at det vil vera krevjande med to modellar i eit felles fylke.

Halvor Homme: Vår viktigaste arena for interkommunalt samarbeid er Vest-Telemarkrådet. Viktig med midlar.

Beate Marie Dahl Eide: Vestfold og Telemark er samansett. Omfanget av søknadsordningar er massivt. Statsforvalteren må bidra til å sjå mangfaldet i det nye fylket, og forenkle der ein kan.

Rovvilt

Situasjonen i Tokke, rovvilt og sau. Viktig at Statsforvalteren har fokus på problemstillinga, fremjar god forvaltning og får på plass meir midlar.

Felles prosjekt skule

Godt samarbeid regionalt gjennom fleire år. Prosjekt finansiert av prosjektskjønnsmidlar har redusert andel spesialundervisning, og bidrege til auka kvalitet. Ein har fått kartlagt behov for spesialpedagogisk kompetanse lokalt, som igjen har vore med å støtta opp om etableringa av nytt tilbod ved USN Rauland. Svært mange søkarar, UDIR finansierar berre 8 plassar. Problematisk med tanke på at ein her har jobba i tråd med tydelege signal i stortingsmeldingar, samtidig som ein svarar ut lokale behov, utan at direktorat har same prioritering. Det blir jobba politisk for å løyse saka. Det vart reist spørsmål til statsforvalteren om medfinansiering via skjønnsmidlar. Dette vil statsforvalteren vurdere.

25/2021 Høyringsuttale– NOU 2019: 7 Arbeid og inntektssikring og NOU 2021: 2 Kompetanse, aktivitet og inntektssikring

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttala*

26/2021 Uttale frå Vest-Telemarkrådet om å støtte USN planar om forskningspark i Bø

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet stør USN sitt arbeid med å etablere ein forskningspark i Bø.*

27/2021 Høyringsuttale – NOU 2021:6 – Myndighetenes håndtering av koronapandemien - Covid-19

Jon Rikard Kleven fremja forslaget om å ta ut “veldig” i siste setning på side 1.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttale til NOU 2021:6 Myndighetenes håndtering av koronapandemien - Covid-19 med endringa over.*

28/2021 Nettverksbygging i Vest-Telemark

Vedtak: Utsett til neste møte

29/2021 Førebuing møte med Telemarksbenken

Vedtak: Saka vart lagt fram utan framlegg til vedtak

30/2021 Eventuelt
Ingenting kom opp under eventuelt